

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer:

## **Revisjon av konsesjonsvilkår for Arnafjord og Vikvassdraga i Vik, Aurland og Voss kommunar**

NVE avgjorde den 20.03.2018 at konsesjonsvilkåra for reguleringa av Arnafjord og Vikvassdraga skal reviderast.

På bakgrunn av krav frå kommunane og føringar frå NVE har Statkraft utarbeidd eit revisjonsdokument som beskriv reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumentet leggast no ut til offentleg høyring og NVE inviterer alle som har interesse av saka til å uttale seg. Revisjonsdokumentet og fråsegnene vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsette reviderte vilkår.

Revisjonsdokumentet er tilgjengeleg på NVEs internettside [www.nve.no/revisjonstabell](http://www.nve.no/revisjonstabell). For å snevre inn søket vel «Vannkraft» under «Alle typer» og «Revisjon av vilkår» under «Alle sakstyper». Generell informasjon om revisjon av konsesjonsvilkår finnast på [www.nve.no/revisjon](http://www.nve.no/revisjon). Revisjonsdokumentet er òg lagt ut til offentleg gjennomsyn på kommunehuset i Vik kommune, servicetorget på Voss tinghus og rådhuset i Aurland kommune. Dersom du ønskjer ein papirversjon av revisjonsdokumentet kan du kontakte Linda Helland hos Statkraft tlf. 24 06 70 00 eller e-post: [linda.helland@statkraft.com](mailto:linda.helland@statkraft.com).

Fråsegner kan sendast NVE via internett [www.nve.no/revisjonstabell](http://www.nve.no/revisjonstabell) ved å gå inn på den aktuelle saka, med e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller med post til NVE - Konsesjonsavdelingen, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Høyringsfristen er **1. april 2021**.

I samband med sakshandsaminga vil NVE arrangere ein synfaring.

På bakgrunn av revisjonsdokumentet og fråsegnene til dette skal NVE gi ein innstilling til Olje- og energidepartementet, med forslag til nye konsesjonsvilkår. Fråsegnene er offentlege dokument som vil bli referert i innstillinga. Sentrale saksdokumenter blir lagt ut på NVE sine internettsider.